

Bygdeblad

Januar —2012

Bygdesentralen /Frivilligsentralen



Tlf. 35024868 mob 48237791
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no
www.hjartdalsbygda.no

Innhald:

På bygdesentralen

Bygdeblad

Kulturlandskapss.

Dei Beste Damene

Føremiddagstreff

Drivstoffanlegg

Kurs


Bibliotek

Møtekalender

Pensjonistlag

Misjonshuset

HIL



*Me ynskjer dykk alle
eit Godt nytt år*

Handarbeidskveldar på bygdesentralen!

Onsdag 25. januar kl 18.00 startar vi opp att med handarbeidskveldar der du tar med handarbeid, vi kokar kaffi. Kom innom, bli inspirert, her er mange kreative damer.

Frivilligsentralen

Gåve til bygdebladet!

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden, kjempefint at så mange brukar bladet, men det kostar å produsere og å kjøre ut bladet, difor tar vi gjerne imot ei gåve til bladet.

Har du forslag til å gjere bladet betre, tar vi gjerne imot det også.

Kontonr. 26990706955.

Aktuelle oppdrag og aktiviteter:

- ☼ Årbok for Nordisk Kulturlandskapsforbund: Temanummer Telemark.
- ☼ Nordisk nettside om kulturlandskap.
- ☼ Handlingsplan for slåttemark (Fylkesmannen): Skjøtselsplanar i Telemark, Buskerud og Vestfold, samt div. administrasjon.
- ☼ Slåtteengprosjekt Hjartdal-Svartdal.
- ☼ Forvaltingsplan for kulturlandskap i Hjartdal-Svartdal: Samle, komplettere og gjera tidlegare og nyare registreringar og planarbeid meir tilgjengeleg.
- ☼ Skjøtselsplanar for kulturlandskap i Brattefjell-Vindeggen.
- ☼ Opplegg for mottak av grupper (studentar, pensjonistar, fagurar, turistar).
- ☼ Eit meir «fysisk» kulturlandskapsenter: Få på plass utstillingsdel, oppgradere stignett og få opp fleire infotavler i samband med dette, ev. også noko telefon- og internettbasert guiding.
- ☼ Ljåslåttkurs (sommar).
- ☼ Kurs i restaurering av gamle lauvingstre (haust).
- ☼ Undervisingsopplegg for grunnskulen.
- ☼ Kulturprogram for skule og bornehage.
- ☼ Utvikling av Sogelandet i retning fysiske sogelandsstader/formidlingspunkt.

Ingvill Marit Buen Garnås

Tlf: 971 87 758 alle vekedagar utom torsdag

www.kulturlandskapsenteret.no



Konsert på Bergtun laurdag 18. februar kl 19:00 med
Dei Beste Damene.

Dei Beste Damene er eit musikalsk samarbeid mellom Anne Hytta, Åse Teigland og Synnøve S. Bjørset, - tre av landets fremste hardingfeleutøvarar. Dei representerar kvar sin tradisjon: Telemark, Hardanger og Sogn, og det er entusiasmen for den solistiske hardingfelemusikken som har ført dei saman på scena. Damene byr på alt anna enn frøkenospel, og viser kor mangfaldig hardingfelemusikken kan vera i tonefargar, rytmikk og musikalske uttrykk. I 2011 fekk gruppa folkelarmprisen i soloklassa for innspelninga "Soli".

Etter konserten blir det folkemusikk-pub med dans og moro.

Meir informasjon om konserten og puben vil kome seinare.

Helsing

Fjellrosa og Slåttefestivalen

Føremiddagstreff!

Onsdag 18. januar startar vi opp att med treff på bygdesentralen.

Hausten 2011 strikka damene på treffet lappar til lappeteppe, som vi lodda ut på aktivitetsekveld på sjukeheimen før jul. Alle syntes det var ein positiv aktivitet, så no startar vi på nytt teppe, frivilligsentralen kjøper garn, og de strikkar!

Kom innom og bli med å strikke!

Elles har vi planar om ein tur til Seljord, besøkje nabobygda, der vi tar turen innom frivilligsentralen og kanskje ein butikkrunde.

Kva med litt bøy og tøy på treffet?

Har du forslag til aktivitetar vi kan ha på treffet, kom med dei!

Vi har elles på treffet: enkel servering , utlodding, alle tar med ein liten gevinst.

Alle er velkomne, alle aldrar og både karar og kvinnfolk! Huks: ei lita pause i ein travel kvardag er bra!

Lise



No er pumpene snart på plass !



Hjartdal drivstoff er i slutfasen med klargjering til driftsstart, og vi forventar at drivstoffanlegget vil koma i løpet av neste veke. Oppstart av anlegget vil nok bli nokre dagar etter at anlegget har kome pga. av montering av pumper og kortterminal.

Lysskiltet kjem nokre få veker etter sjølve stasjonen, men stasjonen blir operativ før lysskiltet kjem.

Utkjøring av Bygdeblad!

Bygdebladet kjem ut ein gong i månaden. Det vert kjørt rundt til alle husstandar i bygda.

Er du interessert i denne jobben, kom innom og få litt meir info.

Vi er litt fleksible med tidspunkt for utkjøring, men rundt 1. i kvar månad.

Lise



Jegerkurs !

Det blir jegerkurs i Seljord, på ungdomsskolen 23. januar kl. 18,00.

De som har meldt dykk på kurset, ta kontakt med sentralen.

Er de framleis interesserte i kurset?

Det er bindande påmelding.

Lise Tlf 48237791

Forslag til kurs våren 2012 !

Er nokon interessert i nybyrjarkurs i enkel veving?

Jegerprøve, 2012

Aldringsmåling

Toving

Bunadband

Karding og spinning, der treng me lærar

Omsying av klede: lag ditt nye antrekk av det gamle.

Ingunn Hovde tlf. 97749975

Har du forslag til andre kurs, ta kontakt med

frivilligsentralen. Tlf. 35024868

Bibliotek!

Biblioteket har ope kvar onsdag frå kl. 16,00 til 19,00. Er det bøker du har lyst til å lese og som ikkje står i hylla, spør Ellen, og ho skaffar dei.

Har du bøker som skulle vore levert, kan du også levere dei inn til frivilligsentralen når den er open. Frivilligsentralen kan også låne ut bøker i si opningstid.

Dess fleire som låner bøker,
dess lengre får vi behalde biblioteket i bygda!



Hjartdal frivilligsentral !

Ynskjer du å bli ein frivillig? Som besøks-venn, eller andre ting du kan hjelpe med?

Det vert møte på bygdesentralen måndag 16. januar
kl. 18,00 for nye og gamle besøksvenner og frivillige.

Har du spørsmål, ta kontakt med frivilligsentralen.

Mob. 48237791.

Møtekalender!

Fyrste fredag i kvar månad, Kvinnemisjonslag kl. 11,00

9/1 Styremøte HTB kl. 19,00 Bygdesentralen

9/1 Normisjons Venner kl. 19,30 Nedre Presteg.

12/1 Tunellgruppa kl. 19,30 bygdesentralen

17/1 Pensjonistl. Møte kl.12,00 Betel

16/1 Møte for besøksvenner kl. 18,00 Bygdesentralen

18/1 Treff kl. 11,00 Bygdesentralen

19/1 HjartdalsbygdaA/S kl. 19,00 Bygdesentralen

23/1 Jegerkurs kl. 18,00 Seljord

25/1 formiddagstreff kl. 11,00 Bygdesentralen

25/1 Handarbeidskveld kl. 18,00 Bygdesentralen

18/2 Dei Beste Damene kl. 19,00 Bergtun

21/2 Årsmøte pensjonistl. kl. 12,00 Betel

Hjartdal IL

Ski-info Hjartdal Idrettslag 2012

Snøen kom seint i år, men nå er det fine skiforhold på fjellet. Det er oppkjørt løype på veien fra Bubrekke til Hegeset. Så fort det blir snø nok, vil lysløypa, og løypa i Bjødre bli kjørt opp. Lysløypa er kjørt opp i Gvammen

Vaktliste, lysløypa

Lysløypa starter opp **tirsdag 17. januar**, mellom kl 17:00 og kl 19:00 blir det servering av saft og registrering med premiering til alle barn som går minst 6 ganger. Hele familien må bli med! Vaktliste:

- 17.1 Øivind Larsen og Arne Høgetveit
- 24.1 Hilde Busk og Joar Lofthus
- 31.1 Odd Helge Djupedal og Randi Therese Haugen
- 7.2 Ole Geir Haugen og Svein Våle
- 14.2 Ingunn Hovde og Gunvald Tho
- 21.2 Vinterferie
- 28.2 Hilde Marit Øverbø og Tone Hilde Flatland
- 6.3 Olav Langåsdaalen og Sissel Bratsberg
- 13.3 Rita Sagafoss og Jan Hovdejord
- 20.3 Mari Ann Haugeberg og Venke Åsland
- 27.3 Anne Karin Slåtta og Kristina Langåsdaalen

De som skal være vakt må sjekke at det er saft (kan evt. hentes på Gvammen) og sørge for

å vaske saftkanner. Dersom noen er satt opp på tidspunkt som ikke passer må de sørge for

å bytte med noen andre. Lister for å skrive opp navn vil ligge i brakka.

Skikarusell

Som vanlig blir det skikarusell med påmelding frem til kl 1800 og start kl 1830. Alle som kan gå på ski kan være med!

18.01	Hjartdal	Klassisk
01.02	Tuddal	Fristil
15.02	Sauland	Klassisk
29.02	Gransherad	Fristil

Distansene er 0-6 år 500m, 7-10 år 1 km, over 11 år 2 km. Premiering i Gransherad til alle som har vært med minst 3 ganger.

Skileik

Skileiken starter opp i samarbeid med skole og barnehage fredag 20. januar kl.1230-1400, og går hver fredag frem til påske unntatt i vinterferien. Skileikområdet er også i år ved Kyrkjekrinsen skule.

Skileiken er for alle barn (også de som ikke går i barnehagen) fra ca. 4 år og opp til og med 4. klasse.

Trening

Det blir skiaktivitet i Bjødre onsdager kl 1800, da kan du velge mellom hopp, langrenn og skikjøring. Vi starter opp så fort det er snø nok.

Zumba

Det blir zumba på Bergtun torsdager kl 1930 med Kari Noreng Tho som instruktør, tlf 45454381, gratis for medlemmer av idrettslaget

Skileik oppstart 20.1, husk sjekk utstyret, bekledning til å røre seg i og gjerne foreldre som "leiker" på ski hjemme. :)

Møte i idrettslagsstyret 16.1, Årsmøte 8.3. Det jobbes for tiden med nytt treningsdress design for HIL. Denne kolleksjonen vil etter planen bli vist på årsmøte. Møt gjerne opp og si din mening!! Valgkomitten vil være i sving, vær postiv og still opp for fellesskapet om du er den heldige om får en telefon !!:)

Følg med på www.hjartdalil.no

Mvh

Styret v/rg



Hjartdal Pensjonistlag!

Hjartdal Pensjonistlag ønsker alle medlemmer og pensjonister som ennå ikke er medlemmer i laget

ET RIKTIG GODT NYTT ÅR

Videre minnes det om første møte i det Nye Året den 17.jan. kl.12:00 på Betel.

Vil også minne om innbetaling av kontingenten for 2012. Det er noen medlemmer som ikke har innbetalt i des.2011.

Årsmøte er satt til **den 21.feb. 2012 kl.12:00** på Betel.

Er det noen som ønsker og ta opp en sak eller flere til årsmøtet,

må dette sendes skriftlig til Gunhild Dølen, 3690 Hjartdal,

innen den 01.feb.

Vi håper på god oppslutning.

Med hilsen
fra Hjartdal pensjonistlag
v/ kassereren